



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Eva Bendiksen, 5557 2051

Vår dato  
20.03.2014  
Dykkar dato

Vår referanse  
2013/14915 112  
Dykkar referanse

Kommunane i Hordaland  
Hordaland fylkeskommune  
Private skular

### Utlysing av midlar til tiltak for betre læringsmiljø

Utdanningsdirektoratet v/Fylkesmannen inviterer skuleeigarar og skular (gjennom skuleeigar) til å søkje om midlar til tiltak for betre læringsmiljø. **Søknadsfristen er 1. mai.**

Alle elevar har rett til eit godt og inkluderande læringsmiljø. At elevane opplever eit godt læringsmiljø er eit viktig mål i seg sjølv. I tillegg viser forsking at eit godt læringsmiljø er ein føresetnad for læring, helse og trivsel.

#### Skuleeigar får tildelt midlane

Det er skuleeigarar (fylkeskommunar, kommunar og private) som må sende søknaden. Skuleeigarane mottar også midlane. Kvar skuleeigar kan søkje om inntil 250 000 kroner. Midlane vert tildelt som eit eingangsbeløp, og kan brukast i 2014 og 2015.

#### Kriterier for tildeling av støtte

- Prosjektet må ha konkrete, tydelege mål om å betre elevane sitt læringsmiljø. Søknaden må omtale utfordringar som utviklingsprosjektet skal bidra til å betre.
- Tiltaka i prosjektet må vere kunnskapsbaserte og fremje måla som er sett. Tiltaka bør dreie seg om konkrete handlingar knytt til kjerneverksemda i skulen.
- Utviklingsprosjektet må vere forankra hos skuleeigar, og skuleeigar skal ha ei aktiv rolle i prosjektet.
- Utviklingsprosjektet må vere forankra hos leiinga på skulen/skulane. Leiinga bør ha god kjennskap til det å drive utviklingsarbeid, og søkeren må synleggjere korleis prosjektet skal leiast og organiserast på skulen.
- Prosjektet bør involvere heile skulen.
- Søkjearane må leggje ved ein prosjektplan. Planen må m.a. gjere greie for rutinar for eigenevaluering. Bruk gjerne vedlagte mal.

- Søkjarane må leggje ved budsjett. Det vert ikkje gitt midlar til driftsoppgåver eller kjøp av utstyr.
- Utdanningsdirektoratet prioriterer søknader frå kommunar og fylkeskommunar som legg vekt på kompetanseutvikling innan læringsmiljø og systemretta arbeid for PPT, og der samarbeid mellom PPT og skule inngår i prosjektet, gitt at dei andre kriteriene er oppfylte.

### **Behandling av søknader**

Søknad om midlar skal sendast til Fylkesmannen i Hordaland **innan 1. mai 2014**.

Fylkesmannen vil vurdere søknadene og sende ei prioritert liste til Utdanningsdirektoratet, som står for den endelige tildelinga. Utdanningsdirektoratet vil sende svar på søknad og utbetale midlar innan 16. juni.

### **Rapportering**

Dei som mottar midlar må rapportere om måloppnåing og disponering av midlane innan 1. februar 2016. Utdanningsdirektoratet og Riksrevisjonen kan sette i verk ytterlegare kontroll med at midlane er nytta i tråd med føresetnadene.

### **Kunnskapsbasert arbeid med elevane sitt læringsmiljø**

Skulen må arbeide kontinuerleg og kunnskapsbasert med elevane sitt læringsmiljø. Forsking viser at følgjande forhold er grunnleggjande for å utvikle og oppretthalde gode læringsmiljø:

- Lærarane si evne til å leie klasser og undervisningsløp.
- Lærarane sin relasjonskompetanse.
- Ein kultur for læring og positive relasjonar mellom elevane.
- Eit godt samarbeid mellom skule og heim.
- Ei god leiing av skulen og godt samarbeid med fokus på læring i organisasjonen.

På Utdanningsdirektoratet sine nettsider finn du artiklar, filmar og andre pedagogiske ressursar, sjå [Bedre læringsmiljø](#).

Med helsing

Anne Hjermann  
utdanningsdirektør

Eva Bendiksen  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Vedlegg: Søknadsmål